




Sunnfjord  
kommune

# INSTRUKS FOR DRIFT AV SUNNFJORD KOMMUNE 2025



# 1 Den økonomiske situasjonen

Sunnfjord kommune er i ein alvorleg økonomisk situasjon med eit netto driftsresultat på minus 135 millionar for 2024, noko som medfører at frie fondsmidlar vert oppbrukte. Formannskapet meiner at økonomistyringa og budsjettdisiplinen må styrkast. For at kommunen skal få ein berekraftig økonomi må ein vere førebudd på at særleg 2025 og 2026 vil være to ekstraordinært krevjande år med naudsynt omstilling, samtidig som ordinær drift av kommunen vert å opprethalde.

Denne instruksen vart stadfesta i formannskapet 13. mars 2025. Den vert sendt einingsleiarane tidleg veke 11 med pålegg om at alle tilsette er informert om tiltaka i instruksen innan arbeidstida sin slutt fredag 14. mars 2025.

## 1.1 Etablering av eit økonomiteam

Det vert etablert eit økonomiteam som skal følgje den økonomiske utviklinga tett, med mål om å få ein økonomi i balanse i 2025. Det vert å hente inn eksterne ressursar som skal jobbe i økonomiteamet saman med økonomiavdelinga og leiarane i kommunen. Økonomiteamet skal etablerast med eit mandat som skal utarbeidast i fellesskap mellom politisk og administrativ leiing. Mandatet vart godkjent i formannskapet den 13. mars.

Politisk og administrativ leiing skal få vektentlege statusrapportar frå økonomiteamet. Formannskapet får månadleg rapportering på prognose og iverksette tiltak for å ta ned eventuelt meirforbruk frå alle einingane.

I økonomiteamet sit:

- |                          |                  |
|--------------------------|------------------|
| - Kommunedirektør        | Terje Heggheim   |
| - Ass. Kommunedirektør   | Lise Mari Haugen |
| - Leiar Løn og rekneskap | Marius Solheim   |
| - Rådgjevar              | Endre Bortne     |
| - Rådgjevar              | Gro Bjørvik      |
| - Ekstern konsulent      | Vert å stadfeste |

Teamet vert supplert med kommunalsjefar etter behov.

Økonomiteamet skal:

1. Dagleg følgje opp økonomien i einingane saman med kommunalsjef med særleg fokus på einingar som varslar meirforbruk
2. Sikre at kommunen får inn budsjetterte inntekter
3. Utarbeide og legge fram milepælsplanar for vedtekne innsparinger i 2025 og rapportere på gjennomføring og gevinstrealisering
4. Utarbeide og legge fram gjennomføringsplan med gevinstrealiseringsplan for innsparing i organisasjonen og andre vedtekne omstillings- og innsparingsprosjekt og rapportere på framdrift.

5. Revidere budsjettet for 2025 etter avgjort rekneskap og sikre realistisk budsjett i balanse
6. Utarbeide kunnskapsgrunnlag som inneholder følgjande:
  - a. Gå gjennom budsjett og rekneskap 2022, 2023 og 2024 for alle eininger, samt kort oversikt over tal årsverk og hovedoppgåver og samle i eit format som er eigna for analyse og vurdering
  - b. Analysere årsaker til avvik og fordeling av ressursar. (Kva modell er ressursane fordelt etter? Har like oppgåver like ressursar?)
  - c. Analysere og vurdere lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver i einingane
  - d. Utarbeide rapport med faktadel, analysedel og tiltaksdel. Rapporten må ligge føre i god tid før revidering av budsjett 2025 og økonomiplan 2025-28, og vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag både inn i det arbeidet, og i arbeidet med innsparings- og omstilling.

Det er etablert ein prosjektorganisering på omstillings- og innsparingsprosjekt for økonomiplanperioden. Den som har resultatansvar for prosjekta skal møte formannskapet månadleg i samband med rapportering.

Politisk og administrativ leiing skal få vektentleg statusrapportar frå økonomiteamet. Formannskapet får månadleg rapportering på prognose og iverksette tiltak for å ta ned eventuelt meirforbruk frå alle einingane.

## 1.2 Tilsettingsstopp

Det vert innført tilsettingstopp med verknad frå no. Ved vakante stillingar (mellombelse og faste) vert det ikkje høve til å tilsette nokon i stillinga. Dersom einingsleiar meiner det er trong for tilsetting vert saka å fremme for vedkomande sin kommunalsjef. Det gjeld alle sektorar også helse og omsorg, men her vil kommunedirektøren ha ei meir fleksibel haldning til nyttilsetting.

## 1.3 Sikre inntekter

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal gå gjennom inntektene til kommunen for å sikre oss at vi har god nok oppfølging på det området. Vil gjelde for inntekter generelt, refusjonar, gebyrinntekter og avgifter.

Assisterande kommunedirektør set ned arbeidsgruppa.

## 1.4 Innkjøpsstopp

Det vert innført innkjøpsstopp frå no. Alle innkjøp og inngåing av avtaler over 10 000 kroner vert å godkjenne av kommunalsjef. Innkjøp over 25 000 kroner vert å godkjenne av kommunedirektøren. Dette gjeld kjøp av varer og tenester, herunder

kjøp av konsulenttenester. Gjeld også leasing og leige. Inngåtte avtaler skal vurderast før fornying.

## 1.5 Stopp i bruk av overtid, vikar og meirarbeid

Det vert ikkje høve til å nytte overtid, vikar og meirarbeid. Unntaket er der overtid/meirarbeid vert å nytte for å sikre liv og helse og i så måte ei forsvarleg drift.

## 1.6 Ressursmodellen i skule

Kommunalsjef for skule vert beden om å sjå på kor mykje ressursmodellen kan bidra med i høve innsparingane vi må gjennomføre.

## 1.7 Oppfølging av einingar med meirforbruk

Einingar med eit prognosert meirforbruk vert å følgje opp. Kvar kommunalsjef skal identifisere desse einingane og melde frå til aktuell einingsleiar om naudsynte tiltak i drifta for å halde budsjettet.

Einingar med meir enn 2 % prognosert meirforbruk vert å følgje opp spesielt. Kvar kommunalsjef skal identifisere desse einingane og kalle einingsleiar inn til møte saman med kommunedirektør og assisterande kommunedirektør.

## 1.8 Investeringar

Det vert å gå gjennom planlagde investeringar med mål om 1) utsetje dei investeringane som ikkje har ei positiv verknad for driftskostnadane og 2) å få ned det samla investeringsnivået

Det vert å gå gjennom pågåande investeringar med mål om å stoppe arbeidet der det avtale- og forpliktigmessig let seg gjere.

Assisterande kommunedirektør leiar arbeidet. Det vert å orientere formannskapet om arbeidet og resultat seinast innan utgangen av april.

## 1.9 Reisestopp

Det vert innført reisestopp frå no. Tilsette som skal delta på møte som medfører reise skal oppmøde om at alle møter vert rigga som digitale møter.

Kommunalsjefen vurderer unntak ut frå tenestemessig behov og forsvarleg drift.

## 1.10 Kurs og opplæring

Kurs og opplæringsaktivitet vert å redusere til det som er naudsynt for å halde på naudsynt kompetanse, sertifisering og liknande. Slik deltaking vert likevel å godkjenne av kommunalsjef.

Kurs, konferansar og møte som vert finansiert av eksterne kan skje.

## 1.11 Ingen nye leigekontraktar

Det vert ikkje høve til å inngå nye leigekontraktar for bygg og anlegg. Revidering og eventuell fornying av gjeldande avtalar/kontraktar vert å godkjenne av kommunedirektøren. Alle eksterne leigekontraktar skal gjennomgåast og moglegheiter for avvikling ved bruk av kommunale bygg skal kartleggast. Målet er å avvikle fleire eksterne leigekontraktar. Formannskapet skal orienterast om arbeidet og resultatet seinast utgangen av april.

Kommunalsjef teknisk og miljø har ansvaret.

## 1.12 Avhending av bygg og anlegg

Det vert å gå gjennom alle kommunen sine eigedommar og verdiar. Formannskapet får ei oversikt over kva eigedommar som kan seljast/overdragast til andre, og andre verdiar som kan realiserast. Formannskapet skal orienterast om arbeidet og resultatet seinast utgangen av april.

Kommunalsjef teknisk og miljø har ansvaret.

## 1.13 Eigarskap i selskap og samarbeid

Det skal takast ein gjennomgang av alle kommunalt heileigde selskap og samarbeid. Formannskapet skal orienterast om arbeidet og resultatet seinast utgangen av april.

Assisterande kommunedirektør har ansvaret.